

# Barnehageopptak 2019 - 2020 Sandøy kommune

**Søknad på barnehageplass gjerast elektronisk via Oppvekstportal https://sandoy.ist-asp.com/NO01546-pub/login.htm på heimesida til kommunen www.sandoy.kommune.no**
**Har du ikkje høve til å søkje elektronisk, kan du ta kontakt med Sørvistorget på rådhuset eller styrar i Harøy barnehage.**

**Søknadsfrist for hovudopptak er 01. mars 2019.**

**Alle barn under skulepliktig alder har rett til barnehageplass etter følgjande vilkår:**

- **barnet må vere fylt eitt år innan utgangen av november 2019**
- **barnet må vere busett i Sandøy kommune**
- **det må søkjast innan fristen 01. mars 2019**

**Vi oppmodar om å søkje til hovudopptaket dersom det er ønskje om seinare oppstart.**

**Vi gjer merksam på at retten til plass gjeld ved oppstart i august for barn som fyller eitt år innan utgangen av august, og ved oppstart den månaden barnet fyller eitt år for barn fødd i september, oktober og november.**

**Berre nye søkjarar og dei som ønskjer endra opphaldstid treng å sende inn søknad.**

**Informasjon om barnehagen finn de på heimesida.**

**NB!**
**I samband med at kommunane Sandøy, Ørskog, Skodje, Haram og Ålesund skal slåast saman til Nye Ålesund kommune frå 01.01.20, vil det kome endringar i vedtekter og prisar frå 01.01.20.**
**For opptak i barnehage og SFO i 2019 vil Sandøy kommune sine vedtekter for barnehage og SFO gjelde. Det samme gjeld for prisar fastsett i Sandøy kommune sitt betalingsregulativ.**
**Frå 01.01.20 vil den nye kommunen sitt betalingsregulativ gjelde.**
**For opptak f.o.m. 01.01.20 vil den nye kommunen sine vedtekter gjelde.**

**Eining for oppvekst og kultur**